



Kviteseid misjonskyrkje

MISJONSKIRKEN NORGE

Referat frå styremøte onsdag 12. mars 2020 kl 19.00

Sigrun opna med å lese frå Jes 43,19: Sjå no skaper eg noko nytt.. Leit etter det!

Til stades:

Ane S. Holm (2018-2019)

Åsbjørg Hægeland (2019-2020)

Sigrun Lønning Solvang (2019-2020)

Sak 9/20: Konstituering

Styret består kun av tre personar.

Sigrun L. Solvang er formell leiar.

Ane S. Holm er nestleiar.

Åsbjørg Hægeland held fram som sekretær og kontaktperson i forhold til Rekneskapskontoret.

Sak 10/20: Godkjenning av referat frå styremøtet 10. januar 2020

og av protokollen frå årsmøtet

Referatet og protokollen vart godkjent.

Sak 11/20: Evaluering av arrangement

Levande-tru-seminar: Fungerte godt! Godt innhald og høg kvalitet på seminaret. Det kom ein god flokk frå alle kyrkjelydane.

Fellesmøta: Det vart fine møte!

Sak 12/20: Møte med menighetsrådgjevar 30. mars

Det er planlagt møte måndag 30. mars. Det er mogleg dette må bli på Skype e.l. Sigrun held kontakten med A. M. Mandt-Anfindsen. Vi snakka litt om kva vi ynskjer å få ut av dette møtet.

Sak 13/20: Vegem vidare

Akkurat denne dagen (12/3) var spesiell i heile Noreg. Regjeringa har gjeve melding om at alle arrangement må avlysast pga smittevernstiltak knytt til Korona-viruset. Vi avlyser derfor i første omgang alle arrangement fram til og med påske. (Dvs bønne møte, stikkekafe, søndagstreff, palmefrukost.) Vi oppmodar kvarandre sterkt til å be saman på kvar vår plass i desse spesielle tidene med mykje naud, både i landet vårt og i verda.

Styret fekk også ein god og alvorleg samtale om frimod, misjonssinn og budskapen i sendebrevet til kyrkjelyden i Efesos (Joh Op 2).

Sak 14/20: Reparere taket

Viser til sak frå årsmøtet. Taket er gammalt. Sigrun hentar inn vurdering og anbod frå 2-3 lokale snekkarar.

Sak 15/20: Ekstra-gåve til Jakobs hus

Viser til sak frå årsmøtet. Styret vedtar å gje ei ekstragåve på 30 000 kr til Jakobs hus no i vår.

Sak 16/20: Eventuelt

Neste styremøte måndag 19. mai kl 19.00. Ane ordnar mat og opning.

Åsbjørg Hægeland, sekretær